

Gamle hus frå Skomedal på Norsk folkemuseum.

I samband med at det skulle byggjast ny løe med nytt fjøs og ny stall på Bjørkevollen i 1941, vart dei gamle bygningane - fjøset, stallen og løa - flutte til Norsk folkemuseum på Bygdøy. Der står dei no i Setesdalstunet, velhaldne og typiske for den tida sin byggestil. Det sto nærast identiske bygningar på kvar gard. Dei er innhenta av tida og er borte no alle saman. Arbeidet ved demonteringa i 1941 vart dokumentera ved mange fotografi som er tilgjengelege i 'Digitalt Museum'. Nettstaden har adresse <http://primusweb.no> og ved å fylle ut søkefeltet med Skomedal får ein fram 93 bilete. Dei fleste syner demonteringa av fjøset, stallen og løa, men det er og nokre personar og ting som er fotografera.